

Gudshus for siste gong

Kjenslene var sterke då Stefanuskyrkja på Nærland i går slutta å vera eit Guds hus.

LEIF TORE SÆDBERG | tekst og foto
lts@jbl.no

FAKTA

STEFANUSKYRKJA

- Ligg på Nærland.
- Vigsla og opna 16. mars 1969, avigsla i går.
- Opphavleg bygd for bebuarane på Nærlandshelmen.
- Mindre brukt etter etter at bebuarane flytta ut, og svært lite aktivitet i dag.
- Eigaren, Nærlandsparken, vil difor bruka lokala til andre formål.

Stefanuskyrkja har vore eit samlingspunkt for mange sidan opninga i 1969, men i går var det ubonnhorleg slutt. Dei seinare åra har aktivitetane vore færre og færre, og eigarane, Nærlandsparken, vil bruka bygget til andre formål. I går var kyrkjelyd, prestar og andre samla til takkegudsteneste, avvigsling og eit siste takk for nå. Litt over klokka 18 blei bibel, lysestakar og anna kyrkjeutstyr bore høgtideleg ut døra.

Tårer

Blant dei som hadde brukt og kjent kyrkja i mange år, var den siste stunda ein sterk augneblink.

– Då dei bar ut bibelen og det andre utstyret, kjente eg at tårane ville komma. Men det er veldig fint at ein arrangerer ei slik offisiell avvigsling. Det er ein flott måte å visa respekt for gudshuset på, seier Ingvor Sola frå Klepp.

Solvor har opp gjennom åra drive arbeid rundt i kyrkjelydane, mellom anna på Nærland. Det har gitt henne eit spesielt forhold til Stefanuskyrkja.

– Det er ei spesiell kyrkje, den er lys og er høg under taket. Forsamlinga her pleier å vera livleg, og eg har hatt mange fine stunder her, fortel ho.

Høgtideleg

Arrangementet i går var på mange måtar lik ei anna gudsteneste, med unntak av at taler og bøn bar preg av at dette var siste gong. Prost Kjell Børge Tjemsland ville gjerne fokusera på det positive. Ikkje på avvigslinga, men takksemnda.

– Dette bygget har betydd veldig mykje for folk rundt her, både som gudshus og samlingspunkt. Hjarta våre er fylt av vemod, men fyrst og framst av glede. Glede over dei stundene me har fått oppleve her, sa Tjemsland.



UTBERING: Biblar, lysestakar og anna kyrkjeutstyr blei høgtideleg bore ut av Stefanuskyrkja. Frå venstre Leiv Sigmund Hope, generalsekretær i Det norske diakonforbund, Jan Roald Dahlstrøm, sokneprest i Nærbo, prost Kjell Børge Tjemsland i Jæren prosti, diakonrådgjevar Asbjørn Finnbakk ved Stavanger bispedømmekontor og Svein Arne Corneliusen frå Nærlandsparken.



VEMOD: – Hjarta våre er fylte av vemod, men fyrst og framst glede, sa prost Kjell Børge Tjemsland på denne aller siste gudstenesta i Stefanuskyrkja.

Fine stunder

Sokneprest Jan Roald Dahlstrøm mintest òg dei gode stundene under talen sin.

– Dette bygget har opplevd stunder med glede, som i dåp, konfirmasjonar og bryllaup. Men òg sett vonde stunder, når me har hatt gravferd. Sjølv minnest eg nok mest 17. mai-gudstenestane

her, når Nærbo musikkorps spelte. Det var spesielle opplevingar, sa Dahlstrøm, som avslutta med å takka.

– Eg vil seia takk til alle dei som har hatt si gjerning her. Alle som har yta noko for denne kyrkja. Men og til Gud, for at me får samlast på denne måten.



RESPEKT: Flott at ein lagar ei slik tilstelning, det viser respekt for gudshuset, seier Ingvor Sola. Til venstre Eli Mæland.